Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 85.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Vass.

Emne: Tradisjoner, tro og segner omkring jøger og jaktdyr.

Bygdelag. Vass.

Oppskr. av: Martina Søylen.

Gard: Ragne.

(adresse): Vass

G.nr. 49 Br.nr. 17.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Tradisjoner, tro og segner omkring jøger og jaktdyr.

1 Gamal tradisjon var forbundi med visse lover. Ein skulle undgå og drepe meir enn ein hadde bruk for – Heller inkje jakta om helgedagane eller høgtidsdagar.

2. Eg trur ikkje nett det var straff men folkedomen var streng i gamle dagar.

3. Dei trudde at den vart arm som gjekk på jakt om Sundagane. Han hadde ikkje Guds signing yver det han dreiv med.

4. Skadeskotne dyr måtte ein sjå til å få tak i å drepe so dei inkje leid meir enn nødvendigt.

5. Ein jøger måtte ta omsyn til det reidskap han har på, gjeværet for eksempel Han måtte ha kontakt med naturlovene So han kjende til suggesjonserna som og han brukast til slike ting.

6. Dersom ein svart katt gjekk tvers yver vegen fyre han var det „ugatlegt" og då måtte han vera varsam – Om mange skjorer skratta frå taki vart det mykje sladder om han, som heller ikkje var lera.

16341

7 Skytteren hadde no ein forret som han vart tilgadesett med. Det kunde vera tunga eller eit stykke ribbea -

8. Mange likte inkje å ete bjørnekjøt, andre tålde ikkje å ete hare, for munnen sei skuld, sa dei

9. På bjørnen skar dei gjerne av den hår= lause nesedelen, labbane og rumpa så spikra dei det op på buralofte til minne om starveidinga

10. Rigtig gamalt hadde dei mange rare tinkar, soleis har eg og høyrt at dei brukte bjørnelabbar til å lesa yver småbarn so dei skulle verta sterke -

11. Den som hadde skote ein bjørn, vart sett høgt og kunde han då visa fram labbane so såg dei op til han for det
På Bardalen der den siste bjørnen vart skoten, som eg veit om 1900. Der er bjørnelabbeane spikra op på ei buadør -

12. Ulveskinner blev brukt til pynteting.

13. Det var eigong 2 småjenta hadde vore å plukka blåbær under gråsida. Då dei skulle heimatt happa dei over ein risgard frå utmarka til innmarka Ja tenk der under risgaren låg det ein bjørn og kvilde. Han leitte såg upp men gjorde dei ingen ting.
Då eg var 14 år gjekk eg saman med ei veninna oppå fjellet mot Haulagrå Attmed eit vatn der ville me leggja ein varde og bar stein tilrettes. Så ropa mi veninna. Der er bjørn. Ho la på sprang og eg såg den og; men eg vart då 10 m. etter henne og visste det var eg som vart teki. Eg ropte på Jesus han skulle berga meg. Og bjørnen kom ikkje etter oss.

16341

13. Den same bjørnen såg lektor Grønlien på Haugemostølen 14 dagar seinare. Den vart skoten av ein mann på Bardalen.
14. Fleire måtar bruka dei å verna seg mot rovdyr, med eld, larm, hujing og skriking.
15. Gamalt når dei hadde meir tru på yrse råder, so har eg høyrt sume ät enebær og smørre seg med tjøre=salve eller brystmjølk.
16. Den som fekk auga på eit rovdyr fyrr dyret fekk sjå vedkomande, trudde acpte, at då skulle han ha overtaket
17. Har høyrt at dei las trusbøner over kråkeri fyrr dei slapp dei ut. Men det var visst sume, som ogso gave dei ein medisin av "häjfrølag" mot rov=dyri, det skulle kråkeri då drikke –.
18. Har ikkje høyrt dei laga medisin av orm til krøturi.
19. Dersom dei var redde for ulv eller bjørn, slepte dei gjerne kråkeri inn på eit inngjerd "trede" på stølen.
20. Til jul satte de tjærekross på dørene, for å verne udyr mot husdyra –
21. Kan hugsa at bådde mor og besteмor bad for husdyrene. Det var når de slapp dei tilfjels, eller når de skulle føde sin avkom. Dei bønene lyde omlag so: "Må Herren bevara og hjelpa".
22. I gamal tid hadde dei svarteboker – Eg minnest ein mann som dei fortalde om hadde svarteboka. Men alle var lit angstelege for han –. For dei trudde då, at den vonde själi stod attum denne boka –
23. Det er fortalt, at det var folk som

16341

23. kunde gjera eller stemma vondt på leamsen. Sidan vart då leamsen folkevond.

24. Vande memneskje, som ville hemna seg på ein nabo, prövde nok å få suggerert lejärnen så han ville gjera sit inntag i buskapen – Sume tider såg dit ut så dei hadde makt over lejärnen.

25. Det var nok folk, som ville ödelegge en god jegers lykse, på grunn av misunnelse. Dei la noko i geværkollen som hindra skote å koma fram.

26. ja dei kunde ogso sjölve gjera börsa uverikande for andre med små triff.

27. Med godt ettersstel og puss var börsa like god att –

28. Har höyrt dei laga kular av sölvknappar og andre metallar. Dei laga då ei form, som dei smelta sylve eller messingen eller lelyet, so kunne dei då få kular av dette. På same måten dreia dei knappa i gamle dagar.

29. Den siste lejärn som dei såg her i bygda var den som eg såg på fjellet ~~ber~~ Gråsida. Lektor Grönlien såg den på Haugemostölen og ein på Kvilno på Bardalen skaut den. Klörne og labbane har han spikra på luadöri si. Fleire lam og sauer vart drepne denne sumaren av lejärnen. Ein form keinsangelen – Det var ömlag på 1900 talet –

30. Her var lite roodyr under andre verdenskrigen og enda mindre med roodyr er her i fjellene i dag – så en kan gå heilt trygg tilfjelles her på den måten. Likevel det kan vera nokon me veit inkje –!

16341